

# Språk

Samisk er språka til samane. Det er ni ulike samiske språk. I dag er nesten alle dei samiske språka truga.

Samiske språk blir snakka i Noreg, Sverige, Finland og Russland. Fleire av språka blir brukte på tvers av landegrensene.

I Noreg har vi tre samiske språk som er offisielle. Det er nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk.

Det mest brukte samiske språket i Noreg er nordsamisk.

I Noreg har alle samiske elevar rett til å lære samisk på skulen. Det gjeld uansett kvar i landet ein bur.

Sametinget jobbar for å ta vare på og styrkje samiske språk.



*Spørsmål til teksten:*

1. Kva er samisk?

---

2. Kvar blir det snakka samiske språk?

---

3. Kva tre samiske språk blir rekna som offisielle i Noreg?

---

---

---

4. Kva samisk språk er mest brukt i Noreg?

---